

Kyrhovden velforening
v/leiar Karstein Mangersnes
Kyrhovden 30
5936 Manger

Radøy Kommune
Teknisk drift v/ Einar Færø

Manger 28.04.2017

Kyrhovden - Tarafikktryggleik , arealbruk etc.


Det har no gått eit år sidan du gjennom e-post bekrefta til velforeninga at Kyrhovden ikkje var prioritert i forhold til trafiksikring og at ikkje noko vert gjort førebels.

Tilbakemeldinga frå bebuarane i bustadfeltet gjennom siste skuleår syner diverre at tilhøva vedr. trafikktryggleiken slett ikkje har betra seg. Bebruarar har gjennom vinteren også vore vitne til enkelthendingar der det berre er flaks at ein ikkje har fått alvorleg personskade. Det er særleg i tida då det er levering og henting av skuleborn at trafikksituasjonen er kaotisk og uoversikteleg. Dette har sjølv sagt også samanheng med at det jamnleg står svært mange bilar parkert i området, både på tilrettelagd parkeringsplass og langs vegen. Talet kan variere litt, men der er sjeldan mindre enn 12-14 bilar. Dei fleste av desse tilhører skulen. Er det spesielle arrangement på skulen er heile Kyrhovden fylt opp med bilar. Me kan heller ikkje sjå at den oppgraderte rundkjøringa og parkeringsplassane i sør har betra trafikktihøva i Kyrhovden.

Velforeninga meiner det er viktig å gje denne tilbakemeldinga til Radøy Kommune. Noko forslag til løysing vil vi ikkje koma med no, men viser til tidlegare korrespondanse og kommunen sine eigne vedtak som vart gjort alt i 1997 samt reguleringsføresegne vedr. trafikkføremål som er innlemma reguleringsplanen.

Til orientering er den mykje omsnakka lysmasta ved skulen framleis ikkje gjort noko med.

Velforeninga i Kyrhovden vonar sjølv sagt på ei løysing i saka og trur at ei felles befaring kan vera nyttig for å koma vidare. Vonar at teknisk drift i nær framtid kan setja av tid til dette.

Venleg helsing

Karstein Mangersnes
leiari.